

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 16.02.2012
Frå: **Administrerende direktør**
Saksbehandlar: **Bente Aae**
Saka gjeld: **Oppnådde resultat i 2011**

Styresak 022/12 O

Administrerende direktør si orientering pkt 1

Styremøte 07.03.2012

Beste sjukehusår nokon gong


Mens ventetidene sank og nullvisjonen for fristbrot snart er nådd, behandla sjukehusa på Vestlandet i 2011 fleire pasientar enn nokon gong. Aldri har drifta vore meir solid og ambisjonane høgare.

2011 er det beste året i Helse Vest si ti år lange driftshistorie, og ein viktig milepæl for heile organisasjonen. Mange av dei viktige systema for styring og støttefunksjonar er no etablerte og i robust drift. I 2012 og åra fram mot 2020 kjem Helse Vest derfor til å setje endå større trykk, kompetanse og ressursar inn på å løyse vår viktigaste oppgåve: Utvikle behandlingstilbodet til 1 million vestlendingar, med forsterka fokus på kvalitet og pasienttryggleik.

Her er resultata for dei viktigaste aktivitetsområda i 2011:

Nær 50 prosent auke i pasientbehandlinga på ti år

I 2011 hadde spesialisthelsetenesta på Vestlandet 1.148.174 konsultasjonar i poliklinikk, døgnopphald og dagopphald innanfor somatikk. Dette er i snitt éin konsultasjon per innbyggjar. I 2002, det første året med noverande organisering, utførte sjukehusa til samanlikning 782.434 konsultasjonar. Talet på konsultasjonar har dermed auka med nær 50 prosent på ti år.



**Poliklinikk: Endra registreringspraksis frå 2008 til 2009 påverkar biletet*

Historisk korte ventetider

Omlag 70 prosent av aktiviteten ved sjukehusa er øyeblikkeleg hjelp, mens 15 prosent av behandlinga er knytt til såkalla rettigheitspasientar og 15 prosent er pasientar som skal ha behandling utan at det er fastsett ein tidsfrist. Det er for desse pasientane på cirka 30 prosent ein måler ventetider for, og Helse Vest har stort trykk på å få korta ned behandlingsskøane. Av dei som står på venteliste, ventar omlag 80 prosent på ei poliklinisk utgreiing.

Helse Vest var i 2011 nær ved å nå målet om å komme ned i 65 dagar ventetid i snitt for all type behandling – og oppnådde nedgang for alle behandlingsområde:

Ventetider for dei som blei tekne til behandling i desember 2011:


- Alle fagområde: Per desember 2011: **69 dagar**
- Somatikk: Per desember 2011: **70 dagar**
- BUP: Per desember 2011: **59 dagar**
- PH vaksne: Per desember 2011: **44 dagar**
- Rus/ TSB Per desember 2011: **63 dagar**

Situasjonen i 2011 er radikalt betre enn utgangspunktet i 2002: Ved innføringa av helsereforma var ventetidene i snitt 214 dagar.

Helse Vest arbeider for å avvike all ventetid og vil i perioden fram mot 2015 leggje til rette for at pasientane får time ved første gangs kontakt med spesialisthelsetenesta.

Stort positivt økonomisk resultat = rekordinvesteringar


For å gi ein million vestlendingar gode og trygge spesialisthelsetenester, blei Helse Vest i fjor tilført 21 milliardar kroner. Årsresultatet enda på 427 millionar kroner i pluss – ei tangering av rekordåret 2010 og ein kvart milliard betre enn budsjettert. Resultatet er klart best av dei regionale helseføretaka i Noreg i 2011.



Det positive økonomiske resultatet i Helse Vest går til investeringar i bygg, medisinteknisk utstyr, IKT og ambulansekjøretøy. For pasienten er eit positivt økonomisk resultat viktig: Det gir sjukehusa handlingsrom til å investere i tiltak som gir betre behandling. For å møte investeringsbehovet som ligg i spesialisthelsetenesta fram mot 2020, er det nødvendig med eit positivt økonomisk resultat på minimum 400 millionar årleg.


Helse Vest investerte i 2011 for 1,4 milliardar kroner, for 2012 er budsjettet for investering på 1,6 milliardar kroner. Det største investeringsprosjektet er for tida bygging av nytt Barne- og ungdomssenter i Bergen til totalt 3,5 milliardar kroner.

Investeringar (millionar kroner):



Nullvisjonen for fristbrot nær nådd

I desember 2011 var talet på fristbrot nede i 7 prosent for Helse Vest samla, for behandla pasientar. Dette viser ei fin utvikling mot målet Helse Vest har sett for 2012: At ein då berre unntaksvis skal ha fristbrot.



Færre korridorpasientar

Gjennom 2011 følgde Helse Vest tett opp arbeidet med å unngå korridorpasientar, særleg i Helse Bergen og Helse Stavanger. Utviklinga på Vestlandet er god: Sidan den månadlege rapporteringa tok til i mars 2010, har talet på korridorpasientar i Helse Vest samla gått ned med eitt prosentpoeng til 2,4 prosent. Innanfor psykisk helsevern er utviklinga endå betre: Her er det berre unntaksvis korridorpasientar.

Delmålet nådd for epikrisetider

Helse Vest arbeider for at alle epikriser* skal bli sende innan 7 dagar etter at pasientbehandlinga er ferdig på sjukehuset. I november månad 2011 blei dette målet nådd for 75 prosent av pasientane innanfor somatikk og 77 prosent av pasientane på psykisk helsevern. Innan 2015 er målet at alle pasientar får epikrisa i handa i det dei dreg heim frå sjukehuset.

** Epikrise: Standardrapport til tilvisande lege etter eit sjukehusopphald eller undersøking ved poliklinikk.*

Pasienthjelparen i Helse Vest

Pasienthjelparen i Helse Vest ytte praktisk hjelp til 2 300 pasientar i 2011. For mange sjuke har pasienthjelparen betydd god rettleiing som har ført til raskare behandling, betre og meir individuell hjelp, og gjort det enklare å bruke retten til fritt sjukehusval. Pasienthjelparen har

også medverka til at kapasiteten i sjukehusa våre er blitt betre nytta ved å kople pasientar til sjukehus som har ledig kapasitet til å utføre behandlinga.

Felles elektronisk pasientjournal (EPJ) i alle helseføretak

Innføring av felles elektronisk pasientjournal (EPJ) er eit stort og viktig steg for å auke pasienttryggleik og bidra til meir effektiv sjukehusdrift. Helse Vest slutførte innføringa av felles EPJ for alle helseføretaka og dei private ideelle institusjonane i 2011. I alt har innføringa femna 2000 prosjektdeltakarar, over 20 000 medarbeidarar har fått opplæring, og det er investert totalt 395 millionar kroner gjennom perioden.

Siste halvår 2011 logga 22 145 unike brukarar seg inn i felles EPJ-systemet, det var konvertert kring 2 000 000 journalar og 50 000 000 journaldokument. Alt for å auke pasienttryggleiken og effektivisere ressursbruken.

Fleire behandlingstilbod til rusmiddelavhengige

I 2011 blei fleire nye tilbod for rusmiddelavhengige etablert i regionen:

- Døgnplassar avsett til utgreiing og stabilisering
- Oppsøkjande behandlingstenester i eller nær heimen
- Fleire institusjonar med dagtilbod til pasientar med behov for oppfølging og behandling ut over tilbodet poliklinikkane kan gi
- Tilbod med akutt-timar i poliklinikkar og akuttinnlegging i institusjon etablert i Bergen og Stavanger
- Veksthuset Rogaland starta opp med 15 behandlingsplassar i Sandnes. Dette er eit av seks såkalla terapeutiske samfunn i Noreg der brukarane langt på veg styrer institusjonen og arbeider som i ei hierarkisk bedrift.

Trass utvida tilbod, finst framleis pasientar som må vente lenge på rusbehandling (63 dagars ventetid per desember 2011). Ei viktig målsetting for 2012 er derfor å utnytte den samla behandlingsskapasiteten i regionen betre for å redusere ventetidene og hindre fristbrot.

Unik og storstilt satsing på pasienttryggleik

Helse Vest driv ei langsiktig regional kvalitetssatsing. Vekta er lagt på den delen av verksemda som er nærast pasienten. I 2011 blei dette arbeidet ytterlegare forsterka gjennom oppstartinga av den nasjonale pasienttryggleikskampanjen "I trygge hender". Som ledd i denne satsinga blei det i 2011 gjennomført systematiske journalgranskingar for å avdekkje skadar som pasientane er utsette for i samband med sjukehusopphaldet. Resultatet av desse såkalla GTT-målingane (Global Trigger Tool) for kvart føretak blei publiserte nasjonalt for første gong.

Helse Vest sette i 2011 av 15 millionar kroner til kvalitetssatsinga. Midlane blei blant anna brukte til 10 regionale prosjekt.

Midlane blei også brukte til 36 såkornprosjekt, som til saman blei tildelt 4,5 millionar kroner.

Helse Vest sitt arbeid med innføring av IKT-støtte for Legemiddel og pasientsikkerhet (LOP) fortsette i 2011. LOP-løysinga skal vere med på å redusere uunngåelege uheldige legemiddelhendingar og understøtte heilskaplege pasientforløp, blant anna ved bruk av eResept.

Forsking i Helse Vest

På bakgrunn av registrert forskingsproduksjon, blei Helse Vest i 2011 tildelt 109 millionar kroner i statleg tilskot til forsking og utvikling, 10 millionar kroner meir enn året før. I tillegg tilførte Helse Vest 28 millionar kroner, slik at den totale forskingsramma for 2011 blei på 137 millionar kroner. Helse Vest har den nest største forskingsproduksjonen i landet etter Helse Sør-Øst.

Den eksterne komiteen som vurderer forskningssøknader i regionen, peiker like fullt på at det framleis er langt fleire gode søknader enn tilgjengelege midlar. I 2011 var det særskilt mange gode søknader til postdoktorstipend.

Norges forskingsråd ga i si 2011-evaluering fleire forskingsmiljø i Bergen og Stavanger gode og til dels svært gode vurderingar. Evalueringa avdekte samtidig utfordringar på forskningssida for nokre miljø. Kunnskapen blir nytta i Helse Vest sitt strategiske forskingsarbeid, som legg til grunn at forsking og utvikling er nødvendig for å kunne tilby innbyggjarane på Vestlandet helsetenester av høg kvalitet.

I 2011 blei det etablert eit regionalt nettverk for innovasjon.

Helse Vest i spissen for heile den offentlege sektoren på elektronisk handel

På eitt år har Helse Vest dobla delen av innkjøpa som er gjort elektronisk. I 2011 blei 20 prosent av alle varer og tenester kjøpt digitalt, tilsvarande 1 milliard kroner. I snitt sender føretaksgruppa 186 elektroniske ordrar dagleg til leverandørane – og talet er i rask vekst.

Satsinga på elektronisk handel gjer Helse Vest til ei av dei leiande offentlege verksemdene på området i Noreg, og på enkelte område også i Europa: Helse Vest er pilot i det felleseuropeiske e-handelsprosjektet kalla PEPPOL, og tok sommaren 2011 som aller første offentlege verksemd innanfor helsesektoren i bruk den nye europeiske infrastrukturen for elektronisk handel. PEPPOL gjer at helseføretaka i regionen kan handle elektronisk med leverandørar i alle europeiske land – noko som gjer ein meir effektiv ressursbruk på økonomiområdet.

Felles innkjøp gir resultat

Totalt har Helse Vest sidan 2003 spart i underkant av 300 millionar kroner på det regionale innkjøpssamarbeidet. Potensialet for innsparing gjennom dei nye fellesanskaffingane som blei gjorde i 2011 er åleine på over 25 mill. kroner. Det blei kunngjort over 200 nye anskaffingskonkurransar, som resulterte i meir enn 280 nye kontraktar. Helse Vest er den helseregionen i landet som i 2011 kunngjorde flest anskaffingar.

Helseføretakas Innkjøpsservice (HINAS) kunngjorde i 2011 totalt 10 anskaffingskonkurransar på vegner av alle dei fire regionale helseføretaka i landet samla.

Helse Vest støttar brukarorganisasjonane

102 pasient- og brukarorganisasjonar fekk i 2011 om lag 7,6 millionar kroner til fordeling frå Helse Vest.

Helse Vest fordeler midlar til pasient- og brukarorganisasjonane for å støtte deira viktige informasjons- og hjelpearbeid ovanfor medlemmane. Dette er tiltak som den offentlege helsetenesta ikkje tilbyr, men som er viktige for kronikarar og andre for at dei skal meistre situasjonen sin best mogleg.

Dobling av midlar for samhandling i 2011

Helse Vest delte i 2011 ut 10 millionar kroner i prosjektstøtte for samhandlingstiltak i helseføretaka og dei private ideelle organisasjonane. Ramma blei dobla frå året før, og 23 samhandlingsprosjekt på Vestlandet fekk midlar til tiltak som støttar opp under samhandlingsreforma.

Som opptakt til reformstarten 1. januar 2012, arrangerte Helse Vest fire seminar i samarbeid med fylkesmennene på Vestlandet. Spesialisthelsetenester til eldre og samhandling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta vil vere viktige satsingsområde framover. I Stavanger blei Regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling (SESAM) opna i 2011. Senteret vil stimulere til og styrkje forskning og kompetanseutvikling på området, og bidra til koordinering og nettverksbygging mellom fagmiljøa og tenestenivåa i regionen.

Kvar femte deltidsstilling borte


Det er arbeidd aktivt med å få fleire i full stilling og samtidig auke stillingsprosentane for dei som har deltidsstillingar. Arbeidet har gitt resultat. I 2011 var det 1180 fleire som hadde full stilling enn året før. Helse Vest har nådd målet om ein gjennomsnittleg stillingsstørrelse på 87,8 prosent. Av målsettinga på 20 prosent redusert deltid, har Helse Vest oppnådd 15,65 prosent. Framgangen er resultat av eit veldig godt samarbeid med helseføretaka og dei tillitsvalde.

Klart lågast i sjukefråvær i Helse-Noreg

Sjukemeldt sjukefråvær i føretaksgruppa var ved utgangen av 2011 på 6,36 prosent. I siste halvdel av 2011 var det samla sjukefråværet og det sjukmeldte sjukefråværet lågare enn i forhold til tilsvarende tal i 2010.

Tredje kvartal 2011 var det sjukmeldte fråværet for helse- og sosialsektoren for landet samla på 8,6 prosent. Føretaksgruppa i Helse Vest har til samanlikning 5,4 prosent.

Helse Vest har ei målsetting om at det totale sjukefråværet ikkje skal overstige 5,5 prosent, noko som er nær ei halvering frå utgangspunktet ved innføringa av helsereforma for 10 år sidan. Den gong låg det totale sjukefråværet på 9,6 prosent.



Kompetanseorganisasjon i konstant utvikling

Føretaksgruppa Helse Vest er gigantiske utdannings- og læringsarenaer i dobbel forstand. Det er gjort betydelege investeringar i kompetanseområdet, spesielt dei seinaste åra. I 2011 blei det gjennomført 4.672 formelle utdanningsløp (utdanning som gir vitnemål frå offentleg godkjent utdanningsinstitusjon, for eksempel LIS) i Helse Vest. For perioden 2009 – 2011 blei det gjennomført 13.000 formelle utdanningsløp.

Det er særst viktig for føretaksgruppa Helse Vest å vere ein attraktiv arbeidsgivar som tiltrekkjer seg nødvendig arbeidskraft. I tillegg er det viktig å halde på medarbeidarane ein alt har, og auke kompetansen deira i tråd med tenestene. Døme på tiltak i Helse Vest:

- Kompetanse- og læringsportalen: Verktøy både for leiarane og for kvar enkelt medarbeidar.
- Innovasjonsprosjektet TOLK (teknologi, organisasjon, leiarskap og kompetanse): Har utvikla ny programvare for å møte behova rundt kompetansestyring og ulike utviklingsløp, inkludert spesialisering for legar.
- KLEM-prosjektet ("Kompetanse, leiarskap, endring og medarbeidarskap"): Organisering av einingar på ein måte som er hensiktsmessig når det gjeld endringsleiing, oppgåvedeling, kompetanseheving og forsvarleg ressursbruk.

Helse Vest i spissen for «Grønt sjukehus»

Alle sjukehus i landet skal miljøsertifiserast innan utgangen av 2014. Helse Vest leier denne nasjonale storsatsinga, som er unik i omfang og framdriftstempo. To av helseføretaka på Vestlandet har vore prosjektpilotar, og hausta erfaringar som legg grunnlaget for arbeidet som nyleg starta opp i alle sjukehusa i landet. Delprosjekt som inngår i satsinga:

- | | |
|---------------------------|--------------------------------|
| • Innkjøp og etisk handel | • Legemiddel og miljøpåverknad |
| • Bygg og miljø | • Avfall |
| • Transport | • Økologisk mat |

Jamt høg tiltru og inntrykk av helseføretaka

Kvar månad måler Helse Vest befolkninga si tiltru til helseføretaka på Vestlandet. Helseføretaksgruppa sitt omdømme blir tolka som ein indikator på kor nøgd befolkninga er med kvaliteten og omfanget av spesialisthelsetilbodet.

Befolkninga si tiltru til helseføretaka er stabilt høg, med ein marginal tilbakegang i 2011. Delen som seier at dei har eit godt eller særst godt inntrykk ligg på 79 prosent (mot 80 prosent i 2010). Tiltrua til tenestene er større jo yngre ein er, mens inntrykket av forvaltninga er betre jo eldre ein er.

I rute inn i sjukehusframtida

Helse2020 er namnet på Helse Vest sin strategiplan, der ein analyserer utfordringane og moglegheitene helseføretaka på Vestlandet står ovanfor i eit 2020-perspektiv. Revideringa av planen blei gjort i 2011, og viser at nær alle tiltaka i dei konkretiserte handlingsplanane er gjennomførte i samsvar med framdriftsplanen.

Konklusjonen frå revideringa er at det strukturerte planarbeidet har vore til hjelp for å allokere ressursane dit dei tener pasientane på Vestlandet best. Revideringa førte til ein tiltaksplan på 35 punkt for oppfølging fram mot 2015.

Betra kvalitet gjennom samordning på IKT

Utvikling på IKT-sida er ein av dei viktigaste føresetnadene for utvikling av spesialisthelsetenesta. I 2004 etablerte Helse Vest selskapet Helse Vest IKT. Ved å redusere kostnader til parallelt arbeid og auka servicenivå ved å samordne IT-funksjonane haustar ein årleg ein gevinst på over 50 millionar kroner.

Nøkkeltala for Helse Vest IKT ser slik ut for 2011:

- 250 medarbeidarar
- Leverer IKT-tenester til 25 000 brukarar på 15 300 PC-ar på 140 lokasjonar
- Omsetning i 2011 på 515 millionar kroner, budsjett for 2012 på 586 millionar kroner
- Drift av 750 serverar og forvaltar av omlag 800 IKT-system

Regional systembygging - felles løysingar:

Helse Vest har frå 2002 prioritert å byggje gode system innanfor økonomi, HR, styringsinformasjon, helsefag o.a. basert på moderne teknologi. Følgjande system er etablert i perioden 2002 – 2011:

- Økonomi og finans (2002 – 2005)
 - o Oracle Financial, logistikk og innkjøp
- Datavarehus og styringsinformasjon (2004 – 2010)
 - o økonomikube, HR-kube, helsefag, målekort og indikatorar
 - o Profitbase, Corporater
- Personal og organisasjon (2005 – 2009)
 - o MOT-program (Medarbeidar – Organisasjon – Teknologi)
 - o Agresso, GAT, personal- og kompetanseportalar
- Felles EPJ løysing (2008 – 2011)
 - o Pasientadministrasjon og elektronisk pasientjournal
 - o felles prosedyrar og rutinar
 - o LOP – legemiddel og pasientsikkerheit (2011 -)

Desse systema gjer oss no i stand til å utvikle/modernisere spesialisthelsetenesta i tråd med forventningane hos våre innbyggjarar/pasientar.

Fakta om Helse Vest:

- Yter spesialisthelsetenester til omlag 1 million vestlendingar
- Omfattar rundt 50 sjukehus og institusjonar i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.
- Omlag 26 000 medarbeidarar
- Budsjett på omlag 21 milliardar kroner i 2011